



Hardangerrådet iks



Hardanger

Til Justisminister og beredskapsminister Anders Anundsen
Postboks 8005 , Dep , 0030 Oslo
postmottak@jd.dep.no; anders.anundsen@jd.dep.no

Ad. Sentralisering av Utlendingsforvaltninga i Hordaland politidistrikt.

Hardangerrådet iks er Regionråd for dei 7 Hardangerkommunane/-herada: Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik. Ordførarane i Hardanger samla til møte i Eidfjord 18.juni 2015, har samrøystes vedteke å senda brev til Justisministaren om å gjera om vedtaket som sentraliserer Utlendingsforvaltninga sine SUA kontor.


Noko skal me leva av etter oljealderen. Næringslivet i Hardanger er bærebjelkar i norsk økonomi og består mellom anna av: Evig fornybare betydeleg kraftressursar, topp moderne innovativ miljømessig smelteindustri, levedyktige små og mellomstore bedrifter, overnattings- og aktivitetsbedrifter i landets mest profilerte reisemål, Norges største og veksande frukthagemiljø og framtidspaserte veldrevne aquafarmar. Alle desse næringane har i årtider og er i framtida avhengige av både fast og midlertidig utanlands arbeidskraft for å levera sine store bidrag til norsk økonomi. Før så kunne ein arbeidsgjevar møta med utanlandsk nyttilsett på sitt lokale lensmannskontor for å få norsk ID som igjen er grunnlag for skattekort og arbeidslivets rettsreglar. Så vart denne oppgåva overført til Lensmannen i Hardanger og frå 15.juni 2015 er Bergen nærmaste tenestestad for ID, med opningstider kun på dagtid. Denne sentraliseringa medfører store praktiske og økonomiske belastningar for næringsdrivande i Hardanger. For idag å registrera ein ny utanlands arbeidstakar krev det minst 2 arbeidsdagsverk pluss reisekostnader. Før var dette gjort på nokre timar. Uansett intensjonen for sentraliseringa er konsekvensen at staten veltar problem og nye kostnader over på kommunar og næringsliv i Hardanger. Du veit at avstandsulempar må prissettast og at distrikta er bærebjelken i norsk fastlandsøkonomi. Dette er konkurransevridande og uakseptabel næringspolitikk. SLIK KAN ME IKKJE HA DET.

Hardangerrådet iks ser bekymringsuttalar frå Odda kommune, Ullensvang herad, Ullensvang Hagebrukslag, Hordaland bonde og småbrukarlag, SMB Hardanger, Reiselivsnæringa og viser til Stortingsrepresentant Terje Breivik som reiser spørsmål i Stortinget om denne sentraliseringssaka.

Hardangerrådet krev at Justisministaren grip inn i denne sentralisering og tilbakefører Servicesenter for utenlandske arbeidstakarar (SUA) i Hordaland frå Politikontor i Bergen til Hardanger Lensmannskontor i Odda.

Kinsarvik 22.06.2015
Med fruktbar helsing Hardangerrådet iks

John Opdal/s
Rådsordførar


Leiv Vambheim
Dagleg leiar

Kopi til:
Politimeistaren i Hordaland
Lensmannen i Hardanger
Kommunane i Hardanger
Media
Stortingsrepresentant Terje Breivik